

TEATER

Lovar forviklingar

Gjengen i Melandsrevyen har den siste tida jobba på spreng med eit teaterstykke som skal framførast laurdag 28. januar og søndag 29. januar på Rossland Ungdomshus. Stykket heiter Kollektivet og handlar om fem pensjonistar som leiger eit hus saman, og som dei har tenkt å kjøpe. Dei er og glad i sydenturar og er ikkje redda for å gå på børsen med sparepengane sine. Alt dette fører etterkvar til mange forviklingar. Stykket er skrive av Inger Raddum.



SKULE

4. plass i finalen

Elevane frå Austrheim VGS som deltok i landsfinalen i konkurransen «Ringer av vann - sjømat for fremtiden» kom på 4. plass i Stjørdal. Austrheim-elevane gjekk til topps i Hordaland med ein ny type lukka oppdrettsanlegg forma som ein donut. Her samla ein opp alle næringssalter til gjenbruk som gjødsel, det fant ein silo for fiskefør, og det var mogleg å koble på mindre einingar for å flytte fisk.

**Kjell Magnus Økland fekk jobben som dagleg leiari****Ny sjef for Kystsogevekene****Kjell Magnus Økland
er tilsett som ny dagleg leiari i Kystsogevekene.**

PRESSEMELDING
redaksjonen@nordhordland.no

Kjell Magnus Økland kom i oktober ut med den store boka om Norges Nasjonalbåt: Oselvar – den levande båten. Det var også han som skreiv nominasjonsframlegget som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvsliste i desember.

Kjell Magnus Økland er oppvaksen i ein sjømannsheim på Tysnes og har brei røynsle fra kulturarbeid. Han har vore særlig aktiv i seglsporten og har mellom anna sete i styre og stell kring Oselvaren sidan 1990 i organisasjoner som Båtlaget Njord/Tysnes, Oselvarklubben, BSI/Seiling, Hordaland Seilforening, Ran Seilforening, Shet-

land Race og Forbundet Kysten.

Journalist og lærar

Økland har tidlegare arbeidd som journalist og lærar og har drive seglopplæring, arrangert regattaer for både joller, eintypebåtar, havkappsegling og kapproing.

Vidare er han ein aktiv regattaseglar, skribent, fotograf og foredragshaldar der han gjerne formidlar maritime tema. Med hans bakgrunn og nettverk er han rette mann for Kystsogevekene.

Har allereie byrja

Kystsogevekene finn stad kvart år i august og september og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen kommune og Hordaland Fylkeskommune.

Kystsogevekene er sett saman av dagar der folk møtest og delar gode opplevingar: båtturar, aktivitetar, konserter, fø-



BRENN FOR KYSTKULTUR: Den nye daglege leiaren for Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland, har blant anna drive seglopplæring og arrangert regattaer.

FOTO: PRESSEFOTO

redrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar.

Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjer som er stolte av eigenart og tradisjonar.

Sudoku**pondus**

6	1		9			8		4
4		7		1				3
5	2			7				9
2	3		8				4	
7				6	9			
			2			1		
			4			2	9	
	8		5	2				
3	5				1			

Lett



8				9				
			9				4	
				1	7			
5	4	3	7		1	8		
7					9		4	
			8	3				
3			6	2	4		1	
1		7		3			6	
	2		8				5	

Vanskelig

